

Saksprotokoll

Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

Arkivsak-dok. 18/00293
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sektorutval for kultur og oppvekst	21.08.2018	21/18
2 Formannskapet	10.09.2018	41/18
3 Kommunestyret	20.09.2018	40/18

Kommunestyret har behandla saka i møte 20.09.2018 sak 40/18

Behandling

Leiar for sektorutval for kultur og oppvekst Ola Terje Oleivsgard (Sp) innleia om saka.

Sigrun Jorde (H) fremma følgjande innstilling frå sektorutval for kultur og oppvekst:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2020. Det blir løyvd midlar i budsjett 2019 til ombyggingsarbeidet slik det er skissert i saksutgreiinga.
3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Votering

Framlegget frå Sigrun Jorde (H) fekk 11 røyster (5V, 4H, 2Krf) og fall mot 14 røyster for formannskapet si innstilling.

Vedtak

1. Ål kommune held fast på dagens barnehagestruktur ved førebels å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular for 1.-7. trinn i Leveld og Torpo. Skattebøl held fram som 1-4 skule. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.